



# Årsak til sluttdato

Kvalitet, konsistens og bruk i statistikkproduksjon

TALL

SOM FORTELLER

NOTATER / DOCUMENTS

2024/51

Ervis Konci og Hanna Haugen Strand

I denne serien blir det publisert dokumentasjon, metodebeskrivingar, modellbeskrivingar og standardar.

© Statistisk sentralbyrå

Publisert: 19. desember 2024

ISBN 978-82-587-1080-3 (elektronisk)

ISSN 2535-7271 (elektronisk)

<b>Standardteikn i tabellar</b>	<b>Symbol</b>
<b>Ikkje mogleg å oppgi tal</b> Tal finst ikkje på dette tidspunktet fordi kategorien ikkje var i bruk då tala vart samla inn.	.
<b>Talgrunnlag manglar</b> Tal er ikkje komme inn i databasane våre eller er for usikre til å bli publiserte.	..
<b>Blir ikkje vist av konfidensialitetsomsyn</b> Tal blir ikkje publiserte for å unngå å identifisera personar eller verksemder.	:
<b>Desimalteikn</b>	,

## Forord

Dette notatet undersøker datakvaliteten til variabelen «årsak til sluttdato», slik han inngår i a-ordninga. I tillegg vurderer notatet moglegheita for bruk av variabelen i statistikkproduksjon og samanhengen med tilsvarande variabel i Arbeidskraftundersøkinga (AKU).

Datakvaliteten til variabelen, basert på data frå dei fyrste ti månadene variabelen inngjekk i a-ordninga (januar-oktober 2021), vart fyrst undersøkt i notatet «Nye variablar i a-ordningen: ansettelsesform og årsak til sluttdato». Nye variablar i a-ordninga har vist seg å få betre kvalitet over tid, og derfor blir analysen for variabelen «årsak til sluttdato» i dette notatet utvida til å anvende data for perioden januar 2021 til mai 2024.

Notatet er delfinansiert av Arbeids- og inkluderingsdepartementet.

Statistisk sentralbyrå, 19. desember 2024

Tonje Køber

## Samandrag

Variabelen årsak til sluttdato har inngått i a-ordninga frå og med 1. januar 2021. Rapporteringa er obligatorisk for alle ordinære og maritime arbeidsforhold. Formålet med dette notatet er å vurdere datakvaliteten til variabelen årsak til sluttdato, ettersom variabelen no har vore innrapportert i a-ordninga over ein lengre tidsperiode. I tillegg undersøker notatet moglegheita for bruk av variabelen i statistikkproduksjon og samanhangen med tilsvarande variabel og bruk i Arbeidskraftundersøkinga. Analysen dekkjer perioden frå januar 2021 til mai 2024, og tar utgangspunkt i statistikken [Antall arbeidsforhold og lønn](#). Notatet beskriv fyrst datakjelda til og databehandling av variabelen, samt avgrensing av datagrunnlaget og metoden som vert anvendt.

Funna i notatet viser ei forholdsvis stabil utvikling i rapporteringa av årsak til sluttdato over perioden, men også tydelege sesongeffektar. Resultata viser noko avvik i talet på rapporterte arbeidsforhold med sluttårsak mellom påfølgjande periodar, som følgje av sesongvariasjonen i dataa. Når ein samanliknar antalet mellom same periode for to påfølgjande år, finn ein derimot at avviket er relativt lite. Funna er tilsvarande for ordinære arbeidsforhold ettersom dei ligg nære fordelinga til alle arbeidsforhold med obligatorisk rapportering. Rapporteringa for maritime arbeidsforhold varierer derimot i noko større grad, utan eit klart mønster over perioden. Noko som i stor grad kan bli forklart av eit avgrensa tal på rapporterte maritime arbeidsforhold. Dette påverkar i liten grad datakvaliteten til variabelen. Vidare finn ein at omfanget av arbeidsforhold med manglande verdi for sluttårsak utgjer ein ikkje ubetydeleg andel av totalen, som kan tyde på at det er noko uvisse i datagrunnlaget i klargjord datatilstand. Ein finn også at det generelt er få arbeidsforhold som endrar rapporteringsverdi av sluttårsak mellom to påfølgjande månader, og ein klar nedgåande trend i andelen som endrar sluttårsak over observasjonsperioden. Andelen ser vidare ut til å stabilisere seg på eit lågare nivå mot slutten av perioden. Funna frå analysen kan tilseie at konsistensen i rapporteringa aukar ved at rapporteringsperioden til variabelen aukar.

Vidare finn ein at datagrunnlaget i klargjord datatilstand er avgrensa på så måte at ein del relevant informasjon for variabelen fell vekk, noko som gjer bruken av variabelen i statistikkproduksjon utfordrande i nåverande produksjonsforløp. For å sikre tilstrekkeleg datakvalitet for variabelen vil ein derfor måtte hente informasjon frå inndata ved eventuell statistikkproduksjon som inkluderer variabelen. Funn frå kartlegginga av variabelen i inndata viser også at andelen som manglar verdi for sluttårsak går mot null, noko som understrekar nødvendigheita for bruk av variabelen i inndatatilstand ved eventuell statistikkproduksjon, da det vil redusere uvisse i datagrunnlaget.

Samanlikninga mellom rapporteringa av sluttårsak i a-ordninga og tilsvarande variabel i Arbeidskraftundersøkinga (AKU), finn at det er lite samsvar mellom variablane, slik det er no. Dette kjem av ulike avgrensingar av datagrunnlag og forskjellar mellom variabelverdiane for dei to datakjeldene. Ein kan samanstille kjeldene om ein koplar på personnivå (mikrodatanivå) i inndatatilstand, men dette blir vurdert til å vere utanfor ramma til dette notatet.

Det blir konkludert med at kvaliteten på innrapporteringa av variabelen er god nok til bruk i statistikkproduksjon ved bruk av inndata. Variabelen kan i prinsippet brukast i statistikkproduksjon frå inndatatilstand, men det er ikkje lagt opp til dette slik databehandlinga og ferdigstillinga av statistikkdata føregår no, og det vil derfor krevje ein del ekstra tilrettelegging. Omarbeidinga av produksjonsløpet vil skje i 2025 og 2026 i moderniseringa av a-ordninga. Det er ikkje ressursar eller moglegheit for å lage statistikk for denne variabelen før moderniseringa er fullført.

# Innhald

<b>Forord</b> .....	<b>3</b>
<b>Samandrag</b> .....	<b>4</b>
<b>Innhald</b> .....	<b>5</b>
<b>1. Datagrunnlag</b> .....	<b>6</b>
1.1. Datakjelde .....	6
1.2. Dataleveranse og databehandling av årsak til sluttdato hos SSB .....	7
1.3. Avgrensing av datagrunnlaget .....	8
1.4. Beskriving av variabelen .....	8
1.5. Metode .....	9
<b>2. Vurdering av variabelens datakvalitet</b> .....	<b>10</b>
2.1. Beskriving av datagrunnlaget.....	10
2.2. Avvik i rapportert antal mellom periodar .....	13
2.3. Omfanget av observasjonar utan verdi .....	17
2.4. Avvik i rapporteringsverdi mellom periodar .....	18
<b>3. Vurdering av moglegheita for bruk i statistikkproduksjon</b> .....	<b>20</b>
3.1. Bruk av variabelen i statistikkproduksjon.....	20
3.2. Kartlegging av «årsak til sluttdato» mellom datatilstandar .....	23
3.3. Kartlegging av variabelens verdifordeling i inndata.....	25
<b>4. Samanheng med og bruk i Arbeidskraftundersøkinga</b> .....	<b>27</b>
4.1. Datainnsamling .....	27
4.2. Beskriving av variabelen i Arbeidskraftundersøkinga.....	27
4.3. Samanheng med og forskjellar frå AKU.....	28
<b>5. Konklusjon</b> .....	<b>31</b>
<b>Referanser</b> .....	<b>32</b>
<b>Vedlegg A: Vedleggstabellar til kapittel 2</b> .....	<b>34</b>
<b>Vedlegg B: Vedleggstabellar til kapittel 3</b> .....	<b>43</b>
<b>Vedlegg C: Vedleggstabellar til kapittel 4</b> .....	<b>46</b>
<b>Figurregister</b> .....	<b>47</b>
<b>Vedleggstabellregister</b> .....	<b>48</b>

# 1. Datagrunnlag

Dette kapittelet beskriv datakjelda til og databehandling av variabelen årsak til sluttdato. I tillegg vil kapittelet ta for seg beskriving av variabelen samt avgrensing av datagrunnlaget. Til slutt presenterast metoden som vert anvendt i notatet.

## 1.1. Datakjelde

[Hovudkjelda til data om registerbasert lønns- og sysselsettingsstatistikk er a-ordninga](#)<sup>1</sup>. A-ordninga er eit samordna system for innrapportering av opplysningar om inntekt og tilsette til Nav, Skatteetaten og Statistisk sentralbyrå (SSB). Arbeidsgivarar som har tilsette, eller utbetalar lønn, pensjonar eller andre ytingar har opplysningsplikt i a-ordninga og skal levere a-melding<sup>2</sup>. Opplysningsplikta<sup>3</sup> om eit arbeidsforhold gjeld til og med den månaden den tilsette sluttar, og arbeidsgivaren skal rapportere arbeidsforholdet kvar måned til og med den månaden den tilsette sluttar. Plikta gjeld også i månader den tilsette ikkje har fått utbetalt lønn.

Innrapportering til a-ordninga har frist den 5. kvar måned for opplysningar om føregåande måned. Skatteetaten forvaltar ordninga på vegne av dei andre etatane, og SSB mottar opplysningar som allereie har gjennomgått forretningsreglar<sup>4</sup> (kontrollar) som del av databehandlinga hos Skatteetaten. Hensikta med forretningsreglane er å avdekke feil og manglar i dei innrapporterte opplysningane.

Innrapportering av variabelen årsak til sluttdato<sup>5</sup> er obligatorisk for alle ordinære<sup>6</sup> og maritime<sup>7</sup> arbeidsforhold når det blir oppgitt ein sluttdato på eit arbeidsforhold. Det er derimot frivillig å oppgi årsak til sluttdato for frilanserforhold, oppdragstakarar og personar som mottar honorar<sup>8</sup> – heretter kalla oppdragstakarar. Det skal heller ikkje rapporterast årsak til sluttdato for pensjon eller andre ytingar utanfor arbeidsforhold.

Følgjande alternativ kan oppgivast som årsak til sluttdato i a-meldinga:

- arbeidstakar har sjølv sagt opp
- arbeidsgivar har sagt opp arbeidstakaren
- kontrakt, engasjement eller vikariat er utgått
- arbeidsforholdet skulle aldri ha vore rapportert
- endring i organisasjonsstruktur eller internt jobbyte
- byte av lønssystem eller rekneskapsfører

---

<sup>1</sup> A-ordninga er [ein samordna måte for arbeidsgivarar å rapportere opplysningar om inntekt og tilsette til NAV, SSB og Skatteetaten. A-ordninga tredde i kraft 1. januar 2015 \(Skatteetaten.no\)](#).

<sup>2</sup> A-meldinga er namnet på [meldinga som inneheld alle opplysningar som rapporterast til Skatteetaten \(Skatteetaten.no\)](#).

<sup>3</sup> A-ordninga har heimel i lov om arbeidsgivars innrapportering av tilsetting- og inntektsforhold (A-opplysningsloven, 2014).

<sup>4</sup> For oversikt over og meir utdjupande forklaring av [forretningsreglar og feilmeldingar i a-meldinga \(Skatteetaten.no\)](#).

<sup>5</sup> Årsak til sluttdato skal rapporterast i a-meldinga når det blir sett ein sluttdato på arbeidsforholdet (Skatteetaten, 2021a).

<sup>6</sup> Eit ordinært arbeidsforhold omfattar alle arbeidsforhold som tek imot lønn frå ei bedrift eller ein organisasjon, og som ikkje definerast som maritimt arbeid (Skatteetaten, 2021a).

<sup>7</sup> Eit maritimt arbeidsforhold definerast som arbeidsforhold som tek imot lønn eller anna godtgjersle for arbeid utført til sjøs, anten på eit fartøy eller ei flyttbar innretning (Skatteetaten, 2023a).

<sup>8</sup> Frilansar, oppdragstakar og personar som tek imot honorar definerast som arbeidsforhold for personar som tek imot lønn eller anna godtgjersle for utført arbeid eller oppdrag, men som ikkje er tilsette (Skatteetaten, 2021b).

## 1.2. Dataleveranse og databehandling av årsak til sluttdato hos SSB

Det er fire datatilstandar<sup>9</sup> av a-ordninga som nemnast i dette delkapittelet:

- Kjeldedata
- Inndata
- Klargjorde data
- Statistikkdata – som publisert i statistikken [Antall arbeidsforhold og lønn](#)

### Kjeldedata

All informasjon frå innsendte a-meldingar tas i mot av SSB (Berge, C. et al., 2023). I tillegg til sjølve a-meldinga, overførast eventuelle brot på forretningsreglar i form av avvik frå databehandlinga i Skatteetaten. All innrapportert data, inkludert informasjon om årsak til sluttdato, blir sendt over den 10. kvar månad frå Skatteetaten til SSB.

### Inndata

Inndata er kjeldedata som er transformert til SSBs standard lagringsformat. Inndata inneheld berre den nyaste versjonen av kvart månadstverrsnitt, som inneber at tidlegare versjonar vert skrivne over ved mottak av nye kjeldedata frå Skatteetaten (Berge, C. et al., 2023). SSB anvender derfor berre det sist innrapporterte frå Skatteetaten som gjeldande inndata.

### Klargjorde data

I prosessen frå inndata til klargjorde data blir blant anna fleire kjelder kopla på før ein rekke omarbeidingar blir gjort. Databehandlinga og kontrollane har som formål å klargjere og sikre datakvaliteten for bruk til statistiske formål, samt avdekke moglege feil, manglar og svakheiter i innrapporteringa (Statistisk sentralbyrå, 2024d).

Datagrunnlaget vert i denne prosessen avgrensa til å gjelde arbeidsforhold som er aktive i ei referanseveke med omsyn til start- og stoppdato. Referanseveka er operasjonalisert til å være den veka<sup>10</sup> kor datoen 16. fell i (Berge, C. et al., 2023). Dette inneber at arbeidsforhold som har sluttdato før eller startdato etter referanseveka, vil verte kategorisert som ikkje aktive, og difor ikkje verte inkludert på den klargjorde fila for arbeidsmarknad og lønn.

Som ein del av databehandlingsprosessen er det fleire kriterium som vert nytta for å avgjere kva arbeidsforhold som kan reknast som aktive eller ikkje. Kvar månad vert det rapportert mange arbeidsforhold som etter SSB si vurdering ikkje er aktive i statistikkperioden<sup>11</sup>. Dette dreier seg blant anna om sesongarbeidarar som ikkje har utført arbeid i referansemånaden (og som følgjer ikkje har fått lønn), avslutta arbeidsforhold der det ikkje er meldt sluttdato på arbeidsforholdet, og tilfelle der personar feilaktig har blitt innrapportert med arbeidsforhold. For at eit arbeidsforhold skal inngå i den klargjorde fila for den registerbaserte arbeidsmarknad- og lønnsstatistikken, vert det sjekka om det innrapporterte arbeidsforholdet har innrapportert lønn, yting som erstattar lønn, eller kortare midlertidig fråvær som permisjon eller permittering i same månad. Vidare vert arbeidsforhold av typen oppdragstakarar behandla ulikt enn andre arbeidsforholdstypar, som følgje av rapporteringskrav i a-meldinga. Dette inneber at ikkje alle arbeidsforhold av denne typen vert fanga opp i dei ordinære statistikkane.

For variabelen sluttårsak er det ikkje lagt inn eigne kontrollar eller automatiske korrigeringar, ettersom variabelen berre har inngått i a-ordninga i ein avgrensa periode. Etter at notatet [«Nye](#)

<sup>9</sup> Det er fem ulike datatilstandar – «Kjeldedata», «Inndata», «Klargjorde data», «Statistikk» og «Utdata» – som inngår i SSB sitt statistikkproduksjonsløp (Statistisk sentralbyrå, 2024d).

<sup>10</sup> Med veka meiner ein her f.o.m. måndag t.o.m. søndag.

<sup>11</sup> For å lese om reglane SSB bruka for å skilje mellom aktive og ikkje-aktive arbeidsforhold (Berge, C. et al., 2023).

[variabler i a-ordningen: Ansettelsesform og årsak til sluttdato» vart publisert i 2022 \(Johnsen, B. M. et al., 2022\)](#), har SSB venta på meir data til å undersøke datakvaliteten over ein lengre tidsperiode. Behandlinga av data frå inndata til klargjorde data har stor effekt på kva slags data ein har om årsak til sluttdato. Mange arbeidsforhold med sluttdato (og årsak til sluttdato) vil ikkje verte inkludert i den klargjorde fila<sup>12</sup> brukt i statistikkproduksjon, blant anna fordi sluttdatoen er satt før referanseveka. Eit arbeidsforhold kan også inngå i oppteljingane for fleire av månadene dersom sluttdatoen rapporterast i ein seinare månad enn då arbeidsforholdet vart avslutta.

Databehandlingsprosessane beskrivne i dette delkapittelet leier fram til ei klargjort fil for arbeidsmarknad og lønnsstatistikk<sup>13</sup> – heretter referert til som klargjorde data – som utgjer datagrunnlaget for dette notatet. Datatilstanden til fila vert kalla klargjorde data, og fila består av lønnstakarar (antal personar) og arbeidsforhold (antal jobbar) og ulike kjennemerke knytt til personar, jobbar og bedrifter dei jobbar i. Det er klargjorde data som utgjer datagrunnlaget for data til utlån til forskarar og som vert brukt i microdata.no.

### 1.3. Avgrensing av datagrunnlaget

Dette notatet tar utgangspunkt i den kvartalsvise statistikken Antall arbeidsforhold og lønn, som baserer seg på datagrunnlaget beskriven i kapittel 1.2 (Statistisk sentralbyrå, 2024b). Vidare avgrensast datagrunnlaget til perioden årsak til sluttdato er innrapportert til a-meldinga, januar 2021–mai 2024. Datagrunnlaget omfattar både busette og ikkje-busette i alle aldrar, som jobbar i bedrifter tilhøyrande i Noreg. I tillegg avgrensast datagrunnlaget til å omfatte arbeidsforhold som er aktive i referanseveka og som er rapportert med ein sluttdato.

### 1.4. Beskriving av variabelen

Variabelen årsak til sluttdato (sluttårsak) angir den oppgitte årsaka til at eit arbeidsforhold er avslutta (Skatteetaten, 2021a). Årsak til sluttdato skal oppgivast når det blir satt ein sluttdato på eit arbeidsforhold. Sluttdatoen på arbeidsforholdet bestemmer når ein arbeidsgivar og ein arbeidstakar sine rettar og plikter opphøyrer. Som nemnd i delkapittel 1.1 er det obligatorisk for alle ordinære og maritime arbeidsforhold å rapportere årsak til sluttdato.

Dei moglege verdiane til variabelen sluttårsak slik den inngår i dei klargjorde filene, er som følger<sup>14</sup>:

- arbeidstakar har sjølv sagt opp
- arbeidsgivar har sagt opp arbeidstakaren
- kontrakt, engasjement eller vikariat er utgått
- arbeidsforholdet skulle aldri ha vore rapportert
- endring i organisasjonsstruktur eller internt jobbyte
- byte av lønssystem eller rekneskapsfører
- arbeidsforholdet er utan verdi på variabelen

---

<sup>12</sup> I tillegg omfattar den klargjorde fila fleire jobbar kor det ikkje vert rapportert sluttdato (i tillegg til oppdragstakarar). Dette inkluderer vernepliktige, personar med forenkla oppgjersordning og utanlandske oppdragstakarar med jobb som berre er registrert i Oppdrags- og arbeidsforholdsregisteret (Berge, C. et al., 2023).

<sup>13</sup> Den registerbaserte lønns- og sysselsettingsstatistikken som baserer seg på a-ordninga og inkluderer ei rekke databehandlingsprosessar (Berge, C. et al., 2023).

<sup>14</sup> Dei ulike variabelverdiane omfattar fleire ulike tilfelle for rapportering (Skatteetaten, 2021a).

## 1.5. Metode

For å analysere datakvaliteten til variabelen årsak til sluttdato, tas det utgangspunkt i anbefalte kvalitetsindikatorar<sup>15</sup>. I dette delkapittelet presenterast kvalitetsindikatorane som er relevante for å undersøke om variabelen er eigna for bruk i statistikkproduksjon.

### Avvik data mottatt

Denne indikatoren brukast til å avdekke manglar i datagrunnlaget som er mottatt (Foss, H. A. & Haugen, O. P., 2024). Dette gjerast ved å samanlikne antal observasjonar mottatt i tidlegare periodar. Indikatoren er todelt, og ein kan vurdere avvik i antal mottatte observasjonar mellom to periodar på følgjande måtar, ved å samanlikne:

- 1) Nåverande periode mot føregående periode.
- 2) Nåverande periode mot tilsvarande periode føregående år.

Er avvika store er dette ein indikasjon på at mottatte data ikkje er riktige, og at det finnast manglar i datagrunnlaget.

Dette vert gjort på to ulike måtar i dette notatet. Ein vil fyrst samanlikne antal rapporterte sluttårsaker mellom to periodar for punkt 1 og 2, og deretter vil ein samanlikne rapporterte verdiar mellom periodane nemnd i punkt 1.

### Partielt fråfall

Denne kvalitetsindikatoren undersøker omfanget av observasjonar som manglar verdi, samanlikna med observasjonar som skulle vore rapportert med verdi i inndatatilstand (Foss, H. A. & Haugen, O. P., 2024). I denne samanheng blir difor andelen opplysningspliktige arbeidsforhold med rapportert slutttdato som manglar sluttårsak over perioden vurdert. Verdien bør ligge så nær null som mogleg, ettersom eit lågt fråfall reduserer uvissa i datasettet. Ein høg verdi kan vere ein indikasjon på problem med rapporteringsinformasjonen eller rapporteringsretteleinga. Det kan også indikere mogleg skeivheit i rapporteringa.

### Datakomplettheitsandel

Denne kvalitetsindikatoren liknar indikatoren «Partielt fråfall», men ser i staden på andelen observasjonar som har verdi i datagrunnlaget, og er meint for bruk på blant anna data i klargjord datatilstand. I staden for å sjå på andelen observasjonar som har verdi i datagrunnlaget, ser ein i dette notatet på andelen som manglar verdi i klargjord datatilstand, for å kunne samanlikne omfanget av fråfallet mellom datatilstandane. Indikatoren vert derfor anvendt som "Partielt fråfall". Her tolkast resultatet som at ein andel nære null, indikerer at datagrunnlaget har god komplettheit.

---

<sup>15</sup> Kvalitetsindikatorar er numeriske størrelsar eller statistikk som bidrar til å belyse kvaliteten i data, og kan vere enkle oppteljingar eller resultat av rekingar eller analyser (Foss, H. A. & Haugen, O. P., 2024). Kvalitetsindikatorar er viktig for å måle etterleving av kvalitetskrava som er definert i «Statistikkloven» (Statistikkloven, 2019) og «Retningslinjer for europeisk statistikk» (Statistisk sentralbyrå, 2017).

## 2. Vurdering av variabelens datakvalitet


Formålet med dette kapittelet er å vurdere datakvalitet og -konsistens til variabelen årsak til sluttdato for perioden den har inngått i a-ordninga. Kapittelet tar utgangspunkt i statistikken Antall arbeidsforhold og lønn som beskrevet i kapittel 1.3.

Som beskrevet i kapittel 1.2, er det mange arbeidsforhold innrapportert i a-ordninga som SSB vurderer til å ikke være aktive i statistikkperioden. Antallet ikke-aktive arbeidsforhold held seg mellom 500 000 og 600 000 over observasjonsperioden. Arbeidsforhold som definerast som ikke aktive vert holdt utanfor analysen i dette kapittelet. Tala bak figurane i dette kapittelet finnast i vedlegg A (tabell A.1 – A.10).


### 2.1. Beskriving av datagrunnlaget

Utgangspunktet for datagrunnlaget i dette kapittelet inkluderer alle arbeidsforhold med sluttdato. Dette omfattar arbeidsforhold som er pliktige og ikkje pliktige til å rapportere på sluttårsak. Figur 2.1 viser korleis arbeidsforholda med sluttdato fordeler seg på dei moglege variabelverdiane beskrivne i delkapittel 1.4 for den aktuelle perioden.

**Figur 2.1 Andel arbeidsforhold etter sluttårsak (alle arbeidsforhold), januar 2021 – mai 2024. Prosent**



Kjelde: Statistisk sentralbyrå


**Figur 2.2** Antall arbeidsforhold etter sluttårsak (alle arbeidsforhold), januar 2021 – mai 2024

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Ein avgrensar vidare til arbeidsforhold som er pliktige å rapportere årsak til sluttdato. Det omfattar alle ordinære og maritime arbeidsforhold som har oppgitt sluttdato. Denne avgrensinga blir gjort for å sjå bort frå arbeidsforhold som er rapportert utan verdi som følge av at dei ikkje er pliktige til å rapportere sluttårsak. Utvalet avgrensast med andre ord til å berre omfatte ordinære og maritime arbeidsforhold, som er dei arbeidstypene der rapportering av sluttårsak er obligatorisk.

Som følgjer ser ein frå figur 2.3 ein markant nedgang i andelen arbeidsforhold med variabelverdien «utan verdi» som sluttårsak. Variabelverdien går frå å utgjere mellom om lag 10 og 18 prosent av totalen over observasjonsperioden, til å utgjere mellom 0,3 og 7,4 prosent etter avgrensinga. Figur 2.3 viser utgangspunktet for den vidare analysen om datakvalitet i dette notatet.

**Figur 2.3 Andel arbeidsforhold etter sluttårsak (ordinære og maritime arbeidsforhold), januar 2021 – mai 2024. Prosent**



Kjelde: Statistisk sentralbyrå


Figur 2.3 og 2.4 viser at utgått kontrakt, engasjement eller vikariat er sluttårsaka som blir rapportert mest i heile perioden når ein ser på alle ordinære og maritime arbeidsforhold samla. Over halvparten av alle arbeidsforhold der det er rapportert ein slutt dato har dette som sluttårsak, med unntak av to månader, over observasjonsperioden. Dette er i tråd med funna frå førre notat (Johnsen, B. M. et al., 2022). Antalet varierer frå i overkant av 70 000 arbeidsforhold til i underkant av 128 000 arbeidsforhold over perioden. Andelen arbeidsforhold der rapportert sluttårsak er at arbeidstakar sjølv har sagt opp, utgjør nest største andel over perioden. Frå figur 2.4 ser ein at antalet varierer frå i underkant av 22 000 arbeidsforhold til i overkant av 41 000 arbeidsforhold over perioden.

Antalet arbeidsforhold med sluttårsaka «endring i organisasjonsstruktur eller internt jobbyte», varierer frå i overkant av 15 000 arbeidsforhold til i overkant av 41 000 arbeidsforhold over utvalsperioden. Frå figur 2.3 ser ein at andelen varierer frå å utgjere rundt 11–17 prosent av datagrunnlaget. Antalet arbeidsforhold som er rapportert med sluttårsaka «byte av lønssystem eller rekneskapsførar» varierer mellom i underkant av 700 til i underkant av 49 000 i observasjonsperioden. Dette svarer til ein andel som varierer mellom 0,4 og 20,8 prosent.

Andelen arbeidsforhold utan verdi for sluttårsak held seg i eit intervall mellom omkring 0,3 og 7,4 prosent over perioden. Dette svarer til eit antal arbeidsforhold utan verdi som varierer mellom i overkant av 700 og 9000 over perioden. Ser ein vekk frå fyrste rapporteringsmånad i observasjonsperioden utgjør variabelverdien mellom 0,3 og 3,8 prosent over perioden. Antalet arbeidsforhold rapportert med «arbeidsgivar har sagt opp arbeidstakar» som sluttårsak varierar mellom i overkant av 1100 til i overkant av 4100 over observasjonsperioden. Dette utgjør ein andel som held seg på eit intervall mellom om lag 0,8 og 1,9 prosent over perioden.

Vidare varierer antalet arbeidsforhold som aldri skulle ha vore rapportert mellom om lag 40 og 1900 over observasjonsperioden. Dette svarer til ein andel som utgjer mellom om lag 0,04 og 1,25 prosent.

**Figur 2.4** Antal arbeidsforhold etter sluttårsak (ordinære og maritime arbeidsforhold), januar 2021 – mai 2024



Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Ser ein vekk frå klare sesongvariasjonar for fleire av variabelverdiane, held andelane seg relativt stabile over perioden, med nokon unntak. Antalet med utgått kontrakt, engasjement eller vikariat aukar i perioden april til juli og i desember. Dette kan blant anna bli forklart av bruk av kortvarige kontraktar for ferievikarar, samt avslutning av rekneskapsåret i desember. For arbeidsforhold med slutt dato der arbeidstakar sjølv har sagt opp aukar også antalet mot sommaren, spesielt i perioden mai til august, i tråd med funna frå førre notat.


Arbeidsforholda med sluttårsak lik «Endring i organisasjonsstruktur eller internt jobbyte» ser ut til å ha ein svak oppadgåande trend i rapportert antal over observasjonsperioden. Sluttårsaka rapporterast hyppigast i desember samanlikna med andre månader. Andelen sluttårsaka utgjer av totalen varierer derimot ein del over perioden. «Byte av lønssystem eller rekneskapsfører» er også rapportert hyppigast i desember månad, noko som kan bli forklart av at ein gjerne byter system innan det nye rekneskapsåret startar. Figur 2.3 viser også at det er ein ikkje uvesentleg andel av det totale antalet arbeidsforhold med rapportert slutt dato som manglar sluttårsak. Omfanget av arbeidsforhold med manglande verdi for sluttårsak vert som følgjer vurdert i kapittel 2.3.

## 2.2. Avvik i rapportert antal mellom periodar

Analysen i dette delkapittelet tar utgangspunkt i kvalitetsindikatoren «Avvik data mottatt» beskriven i kapittel 1.5. Ein undersøker her om det er eit vesentleg avvik i antalet og andelane rapporterte sluttårsaker mellom to påfølgjande periodar, samt mellom same periode for to påfølgjande år.


Datagrunnlaget fordelast i dette kapitlet på arbeidsforholdstypane ordinære og maritime arbeidsforhold. Figur 2.5 og 2.6 viser utviklinga i høvesvis andel og antal for dei ulike sluttårsakene over observasjonsperioden for ordinære arbeidsforhold. Figur 2.7 og 2.8 viser tilsvarende for maritime arbeidsforhold.

**Figur 2.5 Andel ordinære arbeidsforhold etter sluttårsak, januar 2021 – mai 2024. Prosent**



Kjelde: Statistisk sentralbyrå


Figur 2.5 viser at fordelinga for ordinære arbeidsforhold ligg nære fordelinga for alle arbeidsforhold over observasjonsperioden. Dette er ikkje overraskande, då dei fleste arbeidsforhold (både med og utan slutt dato) er definert som ordinære arbeidsforhold. Maritime arbeidsforhold utgjør berre ein liten andel av alle arbeidsforhold i statistikken. Ein ser vidare frå figur 2.5 at det er ei forholdsvis stabil utvikling for ordinære arbeidsforhold over perioden, men at det føreligg tydelege sesongeffektar for rapportering. Som følgje av sesongvariasjonar ser ein frå figur 2.6 at antalet som rapporterer sluttårsak varierer noko mellom to påfølgjande periodar for ordinære arbeidsforhold. Samanliknar ein derimot mellom same månad i to påfølgjande år, ser ein at det er relativt lite avvik i rapporteringa. Spesielt om ein held fyrste rapporteringsår utanfor.

**Figur 2.6** Antall ordinære arbeidsforhold etter sluttårsak, januar 2021 – mai 2024

Kjelde: Statistisk sentralbyrå


For maritime arbeidsforhold avvik rapporteringa meir over observasjonsperioden. Dette er å forvente då maritime arbeidsforhold som nemnd utgjer ei såpass lita gruppe. Bevegelsane i maritime arbeidsforhold kan som følgjer opptre annleis enn for ordinære arbeidsforhold. Frå figur 2.7 ser ein at andelen maritime arbeidsforhold med rapportert sluttårsak «Kontrakt, engasjement eller vikariat er utgått», med unntak av to periodar over observasjonsperioden, ligg jamt over litt høgare enn andelen rapportert for ordinære arbeidsforhold. Dette er også i tråd med funna frå førre notat. Unntaka er januar 2021, då det er ein relativt stor andel som manglar verdi for sluttårsak blant maritime arbeidsforhold, og desember 2022, då ein relativt stor andel rapporterer byte av lønssystem eller rekneskapsførar. Vidare har maritime arbeidsforhold jamt over perioden ein litt høgare rapportering av sluttårsaka «Arbeidsgivar har sagt opp arbeidstakaren» samanlikna med ordinære arbeidsforhold over perioden. Ein ser også frå figur 2.7 og 2.8 at rapporteringa av sluttårsak for maritime arbeidsforhold varierer ein del over perioden, utan eit klart mønster i utviklinga. Dette kan i stor grad bli forklart av at maritime arbeidsforhold utgjer eit såpass lite antal. Avvik i rapportering ein ser over observasjonsperioden vil derimot ikkje påverke datakvaliteten i særleg grad, då maritime arbeidsforhold utgjer eit såpass avgrensa antal arbeidsforhold kvar månad. Ein vurderer derfor utviklinga i rapporteringa som forholdsvis stabil over perioden, med relativt lite avvik i rapporteringa mellom periodar.

**Figur 2.7 Andel maritime arbeidsforhold etter sluttårsak, januar 2021 – mai 2024. Prosent**



Kjelde: Statistisk sentralbyrå

**Figur 2.8 Antal maritime arbeidsforhold etter sluttårsak, januar 2021 – mai 2024**



Kjelde: Statistisk sentralbyrå


### 2.3. Omfanget av observasjonar utan verdi

I kapittel 2.1 frå figur 2.3, finn ein at det er ein ikkje uvesentleg andel av det totale antalet opplysningspliktige arbeidsforhold med rapportert slutt dato, som manglar verdi for sluttårsak. I denne delen blir derfor omfanget av andelen arbeidsforhold med manglande verdi for sluttårsak av totalt antal opplysningspliktige arbeidsforhold over perioden vurdert. Delkapittelet tar utgangspunkt i kvalitetsindikatoren «Datakompletttheitsandel» beskriven i kapittel 1.5.

Figur 2.9 viser i den samanheng andelen opplysningspliktige arbeidsforhold med slutt dato som manglar sluttårsak over observasjonsperioden, i tillegg presenterer figuren tilsvarande utvikling for ordinære og maritime arbeidsforhold isolert sett. Andelen opplysningspliktige arbeidsforhold utan verdi for sluttårsak, held seg i eit intervall mellom omkring 0,3 og 7,4 prosent over perioden. Dette svarer til eit antal arbeidsforhold utan verdi som varierer mellom i overkant av 700 og 9000 over observasjonsperioden. Ikkje overraskande, er det størst fråfall i den fyrste månaden etter rapporteringsplikta vart innført i a-ordninga. Ser ein vekk frå den fyrste rapporteringsmånaden, januar 2021, held andelen seg på eit intervall mellom om lag 0,3 og 3,8 prosent over observasjonsperioden.

Frå figur 2.9 ser ein vidare at det er ein noko høgare andel med manglande sluttårsak blant maritime arbeidsforhold samanlikna med ordinære arbeidsforhold. Sjølv om andelane varierer mykje over observasjonsperioden for gruppene, er dei om lag samanfallande i månadene november og desember.

**Figur 2.9** Andel arbeidsforhold utan verdi for sluttårsak, fordelt på opplysningspliktige grupper, januar 2021 – mai 2024. Prosent



Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Ein ser vidare ein nedgåande trend i andelen opplysningspliktige arbeidsforhold med slutt dato som manglar sluttårsak av totalen over perioden. Den same trenden er å finne både for ordinære og maritime arbeidsforhold isolert sett. Andelane for dei tre gruppene er også meir samanfallande mot slutten av observasjonsperioden, i tillegg til å stabilisere seg rundt eit nivå på om lag 2,3 prosent. Ein ynskjer ein andelsverdi så nære null som mogleg, ettersom eit lågt fråfall reduserer uvisse i datagrunnlaget. Eit fråfall mellom rundt 0,3 og 3,8 prosent, og ei mogleg stabilisering på litt over 2 prosent mot slutten av perioden, kan derfor implisere noko uvisse i kvaliteten til datagrunnlaget.

## 2.4. Avvik i rapporteringsverdi mellom periodar

Denne delen tar utgangspunkt i kvalitetsindikatoren «Avvik data mottatt», beskrevet i kapittel 1.4, og vurderer konsistensen i rapporteringa av variabelverdiane til sluttårsak. Det undersøkast i kva grad arbeidsgivar endrar rapportering av sluttårsak når sluttdato er satt i ein påfølgjande måned. I eit slikt tilfelle skal eit arbeidsforhold rapportert alle månader frem til og med månaden sluttdato er satt, gitt at sluttdato ikkje endrast før dette. Analysen for denne delen er avgrensa til alle arbeidsforhold med same sluttdato i to påfølgjande månader, der sluttdato tilseier at arbeidsforholdet skal inngå i statistikken for siste gang i den siste av dei to månedene<sup>16</sup>. Ettersom fokuset for analysen er å undersøke konsistensen i rapporteringa av sluttårsak, er det underordna om arbeidsforholdet faktisk vert avslutta til oppgitt sluttdato.

Å undersøke konsistensen i rapporteringa er viktig av fleire årsaker. Det er fyrst og fremst viktig for bruken av variabelen at rapporteringa er konsistent mellom to periodar. I tillegg er det viktig at det ikkje er systematiske endringar i rapporteringa av variabelen. Dette for å sikre at bruken av variabelen i statistikkproduksjon ikkje skal bli uforholdsmessig påverka av val av observasjonsperiode. Det er også viktig å avdekke eventuelle problem i rapporteringa av sluttårsak frå arbeidsgivar. Om det finnst systematikk i eventuelle endringar i rapporteringa av sluttårsak vert ikkje undersøkt i dette notatet.

Det å skilje mellom om endringar i rapporteringa av sluttårsak er eit resultat av feilkorrigering eller reelle endringar, er ei utfordring. Eit arbeidsforhold kan endre årsak til sluttdato av fleire grunnar mellom fyrste gong det vart rapportert og månaden arbeidsforholdet skulle vore opphøyrd ifølgje satt sluttdato. Det kan blant anna skyldast at fyrstegongsrapporteringa var feil og at denne feilen deretter har blitt korrigert i ei seinare rapportering. Det kan også skyldast at arbeidsforholdet har fått endra eller fjerna sluttårsak (og/eller sluttdato) som følgje av reelle endringar. Reelle endringar kan for eksempel vere tilfelle der arbeidsforholdet ikkje lengre er planlagt avslutta, som blant anna tilfelle der eit midlertidig (tidsbestemt) arbeidsforhold har blitt endra til fast tilsettingsform.


Denne delen av analysen tar som følgjer utgangspunkt i arbeidsforhold som i inneverande måned er rapportert med sluttdato i påfølgjande måned. Dette for å prøve å fange opp og anslå omfanget av feilrapportering som seinare vert korrigert. Dette gjerast for alle månader i observasjonsperioden, med unntak av mai som den siste månaden i perioden. Den rapporterte sluttårsaka for inneverande måned vert deretter samanlikna med den rapporterte sluttårsaka i påfølgjande måned, basert på sluttdatoen rapportert i inneverande måned. For at eit arbeidsforhold skal inngå som eit aktivt arbeidsforhold i ein påfølgjande måned, må det vere aktivt i referanseveka i teljingsmånaden som beskriven i kapittel 1.2. Dette resulterer i at analysen vert avgrensa til arbeidsforhold som i ein gitt inneverande periode har ein sluttdato i den påfølgjande månaden, og som følgjer skal inngå som eit aktivt arbeidsforhold i den påfølgjande månaden. Det er berre arbeidsforhold som er rapportert med same sluttdato over to aktuelle månader som vert vurdert, for å fokusere på tilfelle der det i større grad forventast stabil rapportering av sluttårsak.

Ein fortsett å avgrense til å berre inkludere arbeidsforhold med obligatorisk rapportering av sluttårsak. Ordinære og maritime vert i motsetning til førre delkapittel behandla som ei gruppe i denne delen, ettersom maritime utgjer eit avgrensa antal av datagrunnlaget som vert anvendt her. Figur 2.10 viser utviklinga i andelen og antalet som endrar sluttårsak frå ein gitt føregåande måned til månaden sluttdato gjeld for.

---

<sup>16</sup> I tilfelle der sluttdato er sett av administrative grunner, vil arbeidsforholdet kunne fortsette også etter dette.

**Figur 2.10** Andel og antal arbeidsforhold som endrar sluttårsak, av det totale antalet arbeidsforhold der sluttdato er lik mellom to påfølgjande periodar, januar 2021 – mai 2024. Prosent og antal



Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Frå figuren ser ein at det er ein større andel arbeidsforhold som endrar årsak til sluttdato i starten av observasjonsperioden. Dette kan i stor grad bli forklart av at det var dei fyrste månadene variabelen vart innrapportert i a-ordninga. Over den resterande observasjonsperioden ligg nivået på andelen som endrar sluttårsak under 3 prosent, med unntak av mars 2022 der andelen når eit toppnivå på 3,8 prosent. Andelen som skiftar sluttårsak varierer ein del over perioden, men antalet avgrensar seg til nokon hundre arbeidsforhold i kvar periode.

Det ser vidare ut til å vere sesongvariasjonar i endring i rapporteringa. Antalet som endrar sluttårsak aukar i månadene juli og august, og det er høgast antal arbeidsforhold som endrar verdi av sluttårsak i desember månad gjennom heile observasjonsperioden. Dette kan bli forklart av enten korte kontraktar for ferievikarar som vert fornya (Bakke, S. & Røv, V., 2023), eller ved at tilsettingsforma til eit arbeidsforhold går frå midlertidig til fast. Endringar og korrigerings i forbindelse med årsslutt kan også verke inn på antalsaukinga i desember. Mange endringar ved årets slutt kan også vere naturleg i samanheng med at arbeidsforhold og kontraktar vert avslutta.

Ein ser derimot ein nedgåande trend i andelen som endrar sluttårsak over observasjonsperioden og det ser ut til at nivået stabiliserer seg rundt 1,5 prosent mot slutten av perioden. Noko som tilseier at rapporteringa har blitt meir konsistent etter dei to fyrste åra kor variabelen har inngått som ein del av a-ordninga. På bakgrunn av figur 2.10 kan ein hevde at det er relativt god konsistens i rapporteringa av sluttårsak i a-ordninga. Det er generelt få arbeidsforhold som endrar rapportering av sluttårsak når sluttdato er den same mellom ein gitt månad og påfølgjande månad. I tillegg stabiliserer andelen som endrar sluttårsak seg på eit lågare nivå mot slutten av observasjonsperioden. Noko som kan tilseie at konsistensen i rapporteringa aukar ved at rapporteringsperioden til variabelen aukar. Framstillinga er derimot forenkla, og det er blant anna ikkje undersøkt om det er konsistens i rapporteringa av sluttårsak når sluttdato er satt lengre fram i tid enn ein månad.

### 3. Vurdering av moglegheita for bruk i statistikkproduksjon

I dette kapitlet drøftast moglegheita for bruk av variabelen årsak til sluttdato i statistikkbanktabellproduksjon, slik variabelen inngår i den registerbaserte lønns- og arbeidsmarknadsstatistikken. I tillegg blir variabelen kartlagt i inndatatilstand for å vidare vurdere variabelens datakvalitet.

I dette kapitlet refererast det til to ulike datatilstandar for variabelen, beskrivne i kapittel 1.2 og 1.3.

- 1) Inndatatilstand som inkluderer alle arbeidsforhold og berre omfattar siste versjon av datagrunnlaget for ein periode, utan koplingar til andre kjelder og anna kvalitetssikring som gjerast av SSB.
- 2) Klargjord datatilstand med avgrensing for statistikken Antall arbeidsforhold og lønn, som berre inkluderer arbeidsforhold som er aktive i referanseveka.

I dette kapitlet finnst tala bak figurane i vedlegg B (tabell B.1-B.7).

#### 3.1. Bruk av variabelen i statistikkproduksjon

Ettersom eit arbeidsforhold må ha ein sluttdato for at variabelen årsak til sluttdato skal ha ein variabelverdi, er det naturleg å ta utgangspunkt i statistikkbanktabellar som omhandlar avslutta tilsettingar<sup>17</sup>. Som følgjer drøftar dette kapitlet moglegheita for bruk av variabelen årsak til sluttdato i ein av statistikkbanktabellane som omhandlar arbeidskraftsstraumar<sup>18</sup> i statistikken Antall arbeidsforhold og lønn (Statistisk sentralbyrå, 2024b).

Kapitlet tar som nemnd utgangspunkt i statistikken beskriven i kapittel 1.3, men avgrensar vidare til å berre sjå på avslutta tilsettingar slik populasjonen blir avgrensa for Tabell 12820 i statistikken Antall arbeidsforhold og lønn. Dette inneber at ein i dette delkapitlet ser på arbeidsforhold<sup>19</sup> som definerast som aktive arbeidsforhold i eit gitt kvartal, men som ikkje lengre definerast som eit aktivt arbeidsforhold i same kvartal året etter. Figur 3.1 viser antalet avslutta tilsettingar i observasjonsperioden for dette kapitlet, februar 2022 – mai 2024, og er henta frå Tabell 12820 (Statistisk sentralbyrå, 2024a).

---

<sup>17</sup> Avslutta tilsettingar definerast i statistikken Antall arbeidsforhold og lønn, som arbeidsforhold som eksisterte føregåande år, men som i inneverande år ikkje dekkast av statistikken (Statistisk sentralbyrå, 2024b).

<sup>18</sup> Arbeidskraftsstraumar handlar om bevegelsar og mobilitet i arbeidsmarknaden, og til grunn ligg nyttilsettingar og avslutta tilsettingar det siste året for eit gitt kvartal (der midtmånaden i kvartalet er tellingstidspunktet) (Statistisk sentralbyrå, 2024b).

<sup>19</sup> Eit arbeidsforhold vert her definert som ein person som jobbar i ei gitt verksemd. Om personen bytar verksemd, sjølv om det er internt i same føretak, reknast arbeidsforholdet som eit avslutta arbeidsforhold.


**Figur 3.1** Antall avslutta tilsetningar, 2022K1 – 2024K2.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå, [Tabell 12820 \(Statistisk sentralbyrå, 2024a\)](#)

Som beskriven i kapittel 1.2 rapporterast det mange arbeidsforhold i a-ordninga som etter SSBs vurdering ikkje er aktive i statistikkperioden. Som følgjer skiljast det i dette kapittelet mellom formelt avslutta arbeidsforhold og ikkje-formelt avslutta arbeidsforhold:


- Eit formelt avslutta arbeidsforhold definerast i dette notatet som arbeidsforhold som finnast som eit aktivt arbeidsforhold i eit gitt kvartal, og deretter ikkje finnast i populasjonen i det same kvartalet året etter. Det skyldast i all hovudsak at arbeidsforholdet er avslutta og det forventast å finnast ein sluttdato og tilhøyrande sluttårsak mellom måletidspunkta.
- Eit ikkje-formelt avslutta arbeidsforhold vert derimot definert som eit arbeidsforhold som finnast som eit aktivt arbeidsforhold i populasjonen i eit gitt kvartal, men som finnast som eit ikkje-aktivt arbeidsforhold i populasjonen i det same kvartalet året etter. Det inneber at arbeidsforholdet er rapportert, men reknast som ikkje-aktivt i statistikkane i SSB, ettersom det ikkje er rapportert lønn, ytingar eller opplysningar om permisjon/permittering som tyder på at personen er midlertidig fråverande.

Med andre ord er ikkje alle arbeidsforholda som inngår i populasjonen for avslutta tilsetningar formelt avslutta. Det medfører at det vil vere ein del manglar for variabelen sluttårsak for populasjonen avslutta tilsetningar. I ei eventuell publisering av variabelen årsak til sluttdato i statistikkbanktabell 12820, bør arbeidsforholda som ikkje er formelt avslutta inngå i ein eigen kategori, som for eksempel «ikkje-formelt avslutta arbeidsforhold», for å tydeleg skilje mellom dei to kategoriane. Frå figur 3.2 ser ein at andelen avslutta tilsetningar, som ikkje er formelt avslutta, held seg på eit intervall mellom 20 og 22 prosent i observasjonsperioden. Formelt avslutta arbeidsforhold som andel av alle avslutta tilsetningar utgjør mellom 78 og 80 prosent over observasjonsperioden.

**Figur 3.2 Andel avslutta tilsettingar fordelt på om det er formelt avslutta eller ikkje, 2022K1 – 2024K2. Prosent**

Kjelde: Statistisk sentralbyrå


Vidare i kapittelet avgrensast populasjonen til formelt avslutta tilsettingar. Figur 3.3 viser at andelen formelt avslutta arbeidsforhold som ikkje er pliktige til å rapportere årsak til sluttdato<sup>20</sup>, held seg på eit intervall mellom omkring 4 og 5 prosent over heile observasjonsperioden. I ein eventuell publisering av variabelen i ovannemnde statistikkbanktabell, bør ikkje-pliktige arbeidsforhold inkluderast i ein eigen kategori, som for eksempel «ikkje rapporteringspliktig for årsak til sluttdato». Til samanlikning ligg andelen formelt avslutta tilsettingar med opplysningsplikt på eit intervall mellom omkring 95 og 96 prosent over observasjonsperioden.

**Figur 3.3 Andel formelt avslutta tilsettingar fordelt på om arbeidsforholdet er rapporteringspliktig på sluttårsak eller ikkje, 2022K1 – 2024K2. Prosent**

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

<sup>20</sup> Oppdragstakarar er ikkje pliktige til å rapportere sluttårsak, beskriven i kapittel 1.1.

**Figur 3.4 Andel og antal formelt avslutta tilsettingar med rapporteringsplikt på sluttårsak av totalt avslutta tilsetningar, 2022K1 – 2024K2. Prosent og antal**



Kjelde: Statistisk sentralbyrå


Figur 3.4 viser antalet og andelen formelt avslutta tilsettingar med rapporteringsplikt på sluttårsak av totalt antal avslutta tilsettingar frå statistikkbanktabell 12820. Datagrunnlaget slik den er vist i figur 3.4, er utgangspunktet for analysen i delkapittel 3.2.

### 3.2. Kartlegging av «årsak til sluttdato» mellom datatilstandar

Denne delen kartlegg årsak til sluttdato for formelt avslutta tilsettingar med rapporteringsplikt mellom datatilstandar. Datatilstandane er beskrivne i kapittel 1.2. Ein ser spesifikt på kvar måned som inngår frå eit kvartal til det same kvartalet året etter, og hentar sluttårsak frå den siste månaden arbeidsforholdet har inngått med ein rapportert sluttdato. Ettersom datagrunnlaget for klargjorde data er avgrensa til arbeidsforhold som er aktive i ei gitt referanseveke, vil ikkje informasjon knytt til arbeidsforhold som er innrapportert med sluttdato før referanseveka bli fanga opp. For å undersøke omfanget av fråfallet gjerast den same kartlegginga for variabelen i inndatatilstand.

Ein ser fyrst på kva andel av arbeidsforhold ein finn sluttdato på og kva andel ein ikkje finn sluttdato på i den klargjorde datatilstanden. Frå figur 3.5 ser ein at andelen av arbeidsforholda, der ein finn ein rapportert sluttdato, held seg innan eit intervall mellom 54 og 58 prosent over observasjonsperioden. Andelen arbeidsforhold som ein ikkje finn sluttdato på, og som ein konsekvens ikkje finn årsak til sluttdato på, utgjer derfor ein relativt stor andel av totalt antal avslutta tilsettingar.


**Figur 3.5 Andel formelt avslutta tilsettingar med rapporteringsplikt på sluttårsak fordelt på om det finnast sluttdato eller ikkje for arbeidsforholdet, i klargjord datatilstand, 2022K1 – 2024K2. Prosent**



Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Den same kartlegginga av variabelen i inndatatilstand viser at andelen arbeidsforhold, der ein finn ein årsak til sluttdato av totalt antal formelt avslutta tilsettingar med rapporteringsplikt, aukar drastisk frå andelen observert i den klargjorde datatilstanden. Figur 3.6 viser at andelen arbeidsforhold der ein finn sluttårsak held seg i eit intervall rundt 97–98 prosent over observasjonsperioden.

**Figur 3.6 Andel formelt avslutta tilsettingar med rapporteringsplikt fordelt på om det finnast sluttdato eller ikkje for arbeidsforholdet, i inndatatilstand, 2022K1 – 2024K2. Prosent**



Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Forskjellen kan i stor grad bli forklart av at fleire arbeidsforhold med rapportert sluttdato ikkje vil bli fanga opp i den klargjorde datatilstanden om arbeidsforholdet er innrapportert med sluttdato før

referanseveka, beskrevet i kapittel 1.2. I inndatatilstand inkluderast alle arbeidsforhold med rapportert sluttdato og ikkje berre dei som er aktive i referanseveka. Som følgjer er det ein stor andel arbeidsforhold med rapportert årsak til sluttdato som berre finnast i inndatatilstand. Fråfallet av arbeidsforhold med rapportert årsak til sluttdato frå den klargjorde datatilstanden er derfor betydeleg.

Ein anna mogleg årsak til antalsavvik mellom datatilstandane er at det i ein del tilfelle rapporterast to eller fleire arbeidsforhold per person i same bedrift. I inndatatilstand vil begge arbeidsforholda inkluderast. I den klargjorde datatilstanden inngår det derimot berre eit arbeidsforhold per person (lønnstakar) per bedrift (undereining).


Ei anna forklaring på forskjellen kan vere at ein andel arbeidsforhold kan ha blitt avslutta i ein gitt månad utan at det er blitt rapportert ein sluttdato på det. Som følgje av rapporteringsplikta har deretter arbeidsforholdet fått ein innrapportert sluttdato i den påfølgjande månad etter arbeidsforholdet blei formelt avslutta. Sluttdatoen vil som følgjer ikkje bli fanga opp på den klargjorde datafila ettersom sluttdatoen gjeld ein tidlegare periode og arbeidsforholdet ikkje lenger er aktivt.

For å sikre tilstrekkeleg datakvalitet for variabelen årsak til sluttdato vil ein derfor måtte hente denne informasjonen frå inndata ved eventuell produksjon av statistikkbanktabellar som inkluderer variabelen.

### 3.3. Kartlegging av variabelens verdifordeling i inndata

Dette kapittelet undersøker korleis variabelen fordeler seg på dei ulike variabelverdiane i inndatatilstand, for å vidare kartlegge kvaliteten på variabelen i denne datatilstanden. Figur 3.7 viser fordeling av sluttårsak for formelt avslutta tilsetningar med rapporteringsplikt på sluttårsak der det finnast sluttdato for arbeidsforholdet i inndatatilstand.

**Figur 3.7** Fordeling av sluttårsak for formelt avslutta tilsetningar med rapporteringsplikt, med sluttdato i inndatatilstand, 2022K1 – 2024K2. Prosent



Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Figur 3.7 viser at variabelverdien «arbeidstakar har sjølv sagt opp» er den mest rapporterte sluttårsaka for variabelen i inndatatilstand. Dette avvik frå kartlegginga av variabelen i kapittel 2.1, der ein finn at utgått kontrakt, engasjement eller vikariat er sluttårsaka som blir rapportert mest. Forskjellen kan truleg bli forklart av at det er mange korte tilsettingar som rapporterast i den klargjorde datafila med sluttårsak «kontrakt, engasjement eller vikariat er utgått». Ein stor andel av disse arbeidsforholda blir ofte fornya. Som følgjer vil ein stor andel av disse ikkje inkluderast i populasjonen over avslutta tilsettingar.

Andelen som manglar verdi for sluttårsak går frå å utgjere opptil om lag 4 prosent når ein kartlegg variabelen i statistikken Antall arbeidsforhold og lønn, som beskriven i kapittel 2.3, til å utgjere rundt 0,1 prosent over observasjonsperioden når ein kartlegg variabelen i inndata. Dette kan bli forklart av at ein i inndata får fanga opp ein større andel av arbeidsforholda sånn dei faktisk vert rapportert. I klargjorde data vert det gjennomført korreksjonar på sluttdato, ved at det for eksempel settes sluttdato dersom ein person også er registrert heilt ledig, for at personen ikkje skal reknast som sysselsett. I slike tilfelle vil man heller ikkje finne nokon årsak til sluttdato. Tar ein utgangspunkt i kvalitetsindikatoren «Partielt fråfall» beskriven i kapittel 1.5, tilseier dette, at ein ved å bruke inndata for variabelen også vil ha mindre uvisse i datagrunnlaget, ved at andelen som manglar verdi går mot null.

Inndatatilstand fangar opp fleire arbeidsforhold enn det som vert inkludert i den klargjorde fila for variabelen. I tillegg reduserast omfanget av observasjonar som manglar verdi i datagrunnlaget. For å sikre tilstrekkeleg datakvalitet for variabelen årsak til sluttdato må ein derfor bruke inndata for å hente denne informasjonen ved eventuell produksjon av statistikkbanktabellar som inkluderer variabelen.

## 4. Samanheng med og bruk i Arbeidskraftundersøkinga

Dette kapittelet vurderer variabelen sluttårsak, slik den inngår i a-ordninga, sin samanheng med tilsvarende variabel i Arbeidskraftundersøkinga (AKU), samt moglegheita for samanstilling av dei to datakjeldene. Tala bak figurane i dette kapittelet finnast i vedlegg C (tabell C.1-C.2).

### 4.1. Datainnsamling

AKU<sup>21</sup> er ei intervjuundersøking som vert gjennomført for eit utval personar i alderen 15-89 år busett i private kosthushald i Noreg (Statistisk sentralbyrå, 2024c). Opplysningane vert samla inn i telefonintervju. Utvalet er på om lag 21 000 referansepersonar per kvartal. Kvar respondent i AKU vert intervjuet om si tilknytning til arbeidsmarknaden i ei forhandsdefinert veke (referanseveke). Nokon månader inneheld fire veke og andre fem, men alle vekene i AKU sin fortløpande datafangst tel like mykje i eit kvartalsgjennomsnitt.

### 4.2. Beskriving av variabelen i Arbeidskraftundersøkinga

Variabelen «Hovudårsak til å ha slutta i førre jobb» (leavreas) samlast inn for alle respondentar som på intervjutidspunktet ikkje er i jobb, men som har hatt ein jobb før, og som slutta i denne jobben i løpet av dei siste sju åra. For personar som er med i AKU frå sin tredje gang til sin åttande gang, og som har uendra arbeidsmarknadsstatus frå sist, nytter vi oss av avhengige intervju. Det vil seie at vi gjenbrukar svaret frå førre gong for dei, sidan grunnen til å ha slutta i førre jobb nødvendigvis må vere den same som sist (for tre månader sidan) dersom ein framleis ikkje jobbar.

Spørsmålsformuleringa er «Kva var den viktigaste grunnen til at du slutta i denne jobben?»

Det er ni svaralternativ på spørsmålet i tillegg til variabelverdien uoppgitt. Svaralternativa er gruppert i fire følgjande hovudgrupper med tilhøyrande variabelverdier:

- 1) Arbeidsmarknadsårsaker
  - a. Blei sagt opp eller føretaket gjekk konkurs
  - b. Midlertidig jobb, kontrakten gjekk ut
- 2) Familieårsaker
  - a. Omsorgsansvar
  - b. Andre familiemessige årsaker
- 3) Personlege årsaker
  - a. Utdanning
  - b. Sjuk eller uføre
  - c. Pensjon
  - d. Andre personlege årsaker
- 4) Andre årsaker
  - a. Andre årsaker
- 5) Uoppgitt

Variabelen inngår i AKU-forordninga, og er dermed samanliknbar for alle EU-/EØS-land. Den vert berre samla inn for referansepersonar, ikkje for dei tilhøyrande hushaldningsmedlemmane. Verken Eurostat eller SSB publiserer resultat i sin statistikkbank.

---

<sup>21</sup> AKU byggjar på eit [omfattande produksjonsløp frå trekking til publisering \(Horgen, H. E. et al., 2023\)](#).

### 4.3. Samanheng med og forskjellar frå AKU

I dette kapitlet blir samanhengen mellom variabelen sluttårsak slik den inngår i a-ordninga, og tilsvarande variabel «Hovudårsak til å ha slutta i førre jobb» i AKU, vurdert. Ein hovudforskjell mellom variablane er innrapporteringsmåten. Variabelen i a-ordninga baserer seg på obligatorisk og løpande innrapporterte data frå arbeidsgivar, som beskriven i kapittel 1.1. I AKU vert tilsvarande variabel samla inn gjennom intervjuundersøkingar for respondentar som ikkje er i jobb på intervjutidspunktet, som beskriven i kapittel 4.1 og 4.2. Som følgjer fangar variabelen i AKU opp eit utval av referansepersonar. Data i AKU vert samla inn kvar dag, men resultatane kan berre bli vekta opp kvartalsvis, mens tilsvarande variabel i a-ordninga omfattar månadleg innrapportert data.


Vidare er det forskjell i moglege verdiar variabelen kan ha mellom kjeldene. Variabelen i AKU kan ha ni ulike årsaker til at ein har slutta i jobben, i tillegg til uoppgitt variabelverdi. For tilsvarande variabel i a-ordninga er det derimot berre sju ulike årsaker som vert dekkja i innrapporteringa. Dette inneber at andelane til variabelverdiane fordelar seg ulikt mellom datagrunnlaga, då fleire årsaker i AKU for eksempel vil kunne inngå i ei årsak i a-ordninga. Eit eksempel på dette er variabelverdien «pensjon» i AKU. Alderspensjon vert i a-ordninga inkludert som ein del av variabelverdien «Arbeidstakar har sjølv sagt opp».

Vidare utgjør avgrensing av datagrunnlaga til variablane ein sentral forskjell mellom datakjeldene. Sluttårsak i a-ordninga baserer seg som nemnt på månadlege innrapporterte arbeidsforhold med sluttårsak. I AKU omfattar datagrunnlaget for variabelen respondentar som på intervjutidspunktet ikkje er i jobb, men som har hatt ein jobb, og som har slutta i jobben i løpet av dei siste sju åra. Dette inneber at ein respondent som inngår i datagrunnlaget til variabelen i AKU kan ha fått innrapportert slutt dato på arbeidsforholdet sitt i a-ordninga ein gong i løpet av ein periode på sju år før intervju-tidspunktet.

For å undersøke forskjellane i fordelinga til verdiane til variabelen på tvers av datagrunnlaga, avgrensar vi datagrunnlaget frå AKU til å berre omfatte respondentar som har slutta i ein jobb dei siste 12 månadene. For datagrunnlaget frå a-ordninga tar ein utgangspunkt i variabelen slik den inngår i statistikken Antall arbeidsforhold og lønn, beskriven i kapittel 1.3. Vidare har ein avgrensa datagrunnlaget frå a-ordninga til å berre inkludere avslutta tilsettingar, som omfattar arbeidsforhold som definerast som aktive arbeidsforhold i eit gitt kvartal, men som ikkje lengre definerast som eit aktivt arbeidsforhold i same kvartal året etter. I tillegg avgrensast datagrunnlaget til å berre inkludere personar som ikkje lengre er lønnstakar, ettersom denne variabelen i AKU berre inkluderer personar som ikkje lengre er i jobb. Vidare er datagrunnlaget for a-ordninga avgrensa til å berre omfatte ei tilsetting per person, ettersom AKU tel antal personar og ikkje antal jobbar.

Som følgje av forskjellane i datagrunnlaget til dei to kjeldene beskrivne over, vert det ein betydeleg forskjell i antalet til dei ulike variabelverdiane mellom datakjeldene. Ein samanliknar derfor berre andelar mellom dei to datagrunnlaga. Vidare er det berre variabelverdiane «kontrakt, engasjement eller vikariat er utgått» i a-ordninga og «midlertidig jobb, kontrakten gjekk ut» i AKU, «arbeidsgivar har sagt opp arbeidstakaren» i a-ordninga og «blei sagt opp eller føretaket gjekk konkurs», samt «utan verdi» i a-ordninga og «uoppgitt» i AKU, som er samanliknbare på tvers av datagrunnlaga. Dette vert som følgjer utgangspunktet for vidare samanlikning. Figur 4.1 viser fordelinga av sluttårsak for avslutta tilsettingar med rapporteringsplikt av sluttårsak i a-ordninga og som ikkje lengre er lønnstakar. Vidare viser figur 4.2 fordelinga av «Hovudårsak til å ha slutta i førre jobb» for ikkje sysselsette i AKU. Fordelinga er kvartalsvis og dekkjer perioden fyrste kvartal 2022 til siste kvartal 2023 for begge datagrunnlag.

**Figur 4.1 Fordeling av sluttårsak for avslutta tilsettingar som ikkje lengre er lønnsstakar med rapporteringsplikt i inndatatilstand, 2022K1 – 2023K4. Prosent**




Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Frå figur 4.1 ser ein at andelen av arbeidsforhold med sluttårsak «kontrakt, engasjement eller vikariat er utgått» i a-ordninga utgjer om lag 25–32 prosent over observasjonsperioden. Til samanlikning ser ein frå figur 4.2 at andelen personar i AKU, som har oppgitt «midlertidig jobb, kontrakten gjekk ut» som årsak til å ha slutta i jobben, utgjer omtrent 29–33 prosent i same periode. Vidare ser ein frå figurane at andelane for «utan verdi» i a-ordninga og «uoppgitt» i AKU held seg på eit lågt nivå over observasjonsperioden. Andelen for «utan verdi» i a-ordninga utgjer omtrent 0,1–0,2 prosent over perioden. Til samanlikning ligg andelen for «uoppgitt» i AKU i eit intervall mellom 0 og 0,8 prosent over observasjonsperioden. Vidare ligg andelen for «arbeidsgivar har sagt opp arbeidstakaren» i a-ordninga i eit intervall mellom om lag 5 og 8 prosent over perioden. I AKU utgjer tilsvarende variabel «blei sagt opp eller føretaket gjekk konkurs» omtrent 4–6 prosent over observasjonsperioden. Resterande variablar er ikkje samanliknbare mellom datagrunnlag. For å kunne samanlikne fleire av variabelverdiane mellom datakjeldene vil ein derfor måtte kople data på personnivå (mikrodatanivå) i inndatatilstand.

Som beskriven i dette kapitlet baserer variablane seg på to veldig ulike datagrunnlag som er lite samanfallande. Dette gjer det utfordrande å samanlikne eller samanstillle datagrunnlag til variablane slik dei er no. Det er mogleg å kople variablane på personnivå (mikrodatanivå) i inndatatilstand, men dette er omfattande og blir vurdert til å vere utanfor ramma til dette notatet.

**Figur 4.2 Fordeling av sluttårsak for ikkje sysselsette personar som slutta i jobben i løpet av dei siste 12 månedene, 2022K1 – 2023K4. Prosent**



Kjelde: Statistisk sentralbyrå

## 5. Konklusjon

Dette notatet har vurdert datakvaliteten til variabelen årsak til sluttdato, slik han inngår i a-ordninga. I tillegg har notatet undersøkt moglegheita for bruk av variabelen i statistikkproduksjon, og samanhengen med tilsvarande variabel i Arbeidskraftundersøkinga. Analysen dekker perioden frå januar 2021 til mai 2024, og tar utgangspunkt i statistikken Antall arbeidsforhold og lønn.

Analysen av datakvalitet viser at det er ei forholdsvis stabil utvikling over perioden, men ein ser tydelege sesongeffektar for variabelen. Som følge av sesongeffektane finn ein noko avvik i talet på rapporterte arbeidsforhold med sluttårsak mellom påfølgjande periodar. Samanliknar ein derimot antalet mellom same periode mellom to påfølgjande år, er avviket derimot relativt lite. Fordelinga for ordinære arbeidsforhold ligg nære tilsvarande fordeling for alle arbeidsforhold der det er obligatorisk å rapportere sluttårsak over perioden. For maritime arbeidsforhold ser ein meir avvik i rapporteringsantal mellom to periodar, og det er vanskeleg å observere eit klart mønster i utviklinga for andelane. Dette kan i stor grad bli forklart av det avgrensa talet på maritime arbeidsforhold med sluttårsak kvar månad, og vil derfor ikkje ha påverknad på datakvaliteten i særleg grad.

Vidare finn ein at omfanget av arbeidsforhold med manglande verdi for sluttårsak utgjør ein ikkje ubetydeleg andel av totalen. Dette kan vere ein indikasjon på at det er noko uvisse i datagrunnlaget. Videre viser analysen av konsistens i rapporteringa at det generelt er få arbeidsforhold som endrar rapporteringsverdi av sluttårsak mellom to påfølgjande månader. Ein finn også at det er ein nedgåande trend i andelen som endrar sluttårsak over observasjonsperioden, og andelen ser ut til å stabilisere seg på eit lågare nivå mot slutten av perioden. Dette kan tilseie at konsistensen i rapporteringa aukar ved at rapporteringsperioden til variabelen aukar.

Frå drøftinga av moglegheita for bruk av variabelen i statistikkproduksjon, finn ein at datagrunnlaget for klargjord data er avgrensa på så måte at ein del relevant informasjon for publisering av variabelen fell vekk. Blant anna viser kartlegginga av variabelen i inndatatilstand at andelen arbeidsforhold, der ein finn ein årsak til sluttdato av totalt antal formelt avslutta tilsettingar med rapporteringsplikt, aukar drastisk frå andelen observert i den klargjorde datatilstanden. For å sikre tilstrekkeleg datakvalitet for variabelen vil ein derfor måtte hente denne informasjonen frå inndata ved eventuell produksjon av statistikkbanktabellar som inkluderer variabelen. Ein finn også av kartlegginga av variabelen i inndata at andelen som manglar verdi for sluttårsak går mot null, noko som forsterkar konklusjonen til analysen av datakvaliteten til variabelen.

Ved å samanlikne rapporteringa av sluttårsak i a-ordninga med tilsvarande variabel i AKU, finn ein at det er lite samsvar mellom datagrunnlaget til variablane frå dei to datakjeldene slik dei er no. Dette skuldast ulike avgrensingar av datagrunnlaga, samt forskjellar mellom variabelverdiane for dei to datakjeldene. Det er likevel mogleg å samanstille kjeldene om ein koplar på personnivå i inndatatilstand. Dette blir derimot vurdert til å vere utanfor ramma til dette notatet.

Basert på funna i notatet blir datakvaliteten til variabelen vurdert til å vere av god nok kvalitet til bruk i statistikkproduksjon og til analyse, ved å anvende data for variabelen i inndatatilstand. Variabelen kan i prinsippet brukast i statistikkproduksjon ved bruk av inndata, men det er ikkje lagt opp til dette slik databehandlinga og ferdigstillinga av klargjord datatilstand brukt i statistikkproduksjon føregår no. Eventuell bruk av informasjon om sluttårsak frå inndata til publisering vil krevje ein del ekstra omarbeiding og tilrettelegging. Denne omarbeidinga av produksjonsløpet vil skje i 2025 og 2026 i moderniseringa av a-ordninga. Det er ikkje ressursar eller moglegheit for å lage statistikk for denne variabelen før moderniseringa er fullført.

## Referanser

- A-opplysningsloven. (2014). Lov om arbeidsgivers innrapportering av ansettelses- og inntektsforhold (LOV-2012-06-22-43). Lovdata. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2012-06-22-43>
- Bakke, S. & Røv, V. (2023, 20. juni). Flere unge hadde sommerjobb i fjor. Statistisk sentralbyrå. <https://www.ssb.no/arbeid-og-lonn/sysselsetting/statistikk/antall-arbeidsforhold-og-lonn/artikler/flere-unge-hadde-sommerjobb-i-fjor>
- Berge, C., Bakke, S. & Bye, S. K. (2023, 28. juni). Registerbasert lønns- og sysselsettingsstatistikk basert på a-ordningen (Notater 2023/32). <https://www.ssb.no/arbeid-og-lonn/sysselsetting/artikler/registerbasert-lonns-og-sysselsettingsstatistikk-basert-pa-a-ordningen>
- Foss, H. A. & Haugen, O. P. (2024, 22. januar). Anbefalte kvalitetsindikatorer i offisiell statistikk (Notater 2024/5). <https://www.ssb.no/offentlig-sektor/offentlig-forvaltning/artikler/anbefalte-kvalitetsindikatorer-i-offisiell-statistikk>
- Horgen, H. E., Lien, H. H., Sandvik, O. & Sundt, S. C. (2023, 30. august). Dokumentasjon av Arbeidskraftundersøkelsen etter omleggingen i 2021 (Notater 2023/37). <https://www.ssb.no/arbeid-og-lonn/sysselsetting/artikler/dokumentasjon-av-arbeidskraftundersokelsen-etter-omleggingen-i-2021>
- Johnsen, B. M., Konci, E. & Røv, V. (2022, 3. februar). Nye variabler i a-ordningen: Ansettelsesform og årsak til sluttdato (Notater 2022/5). <https://www.ssb.no/arbeid-og-lonn/sysselsetting/artikler/nye-variabler-i-a-ordningen-ansettelsesform-og-arsak-til-sluttdato>
- Skatteetaten. (2021a, 1. desember). *Årsak til sluttdato*. Skatteetaten. <https://www.skatteetaten.no/nn/bedrift-og-organisasjon/arbeidsgiver/a-meldinga/rettleiinga-til-a-meldinga/arbeidsforholdet/opplysningar-om-arbeidsforholdet/arsak-til-sluttdato/>
- Skatteetaten. (2021b, 9. desember). *Frilansar, oppdragstakar og personar som tek imot honorar*. Skatteetaten. <https://www.skatteetaten.no/nn/bedrift-og-organisasjon/arbeidsgiver/a-meldinga/rettleiinga-til-a-meldinga/arbeidsforholdet/type-arbeidsforhold/frilansar-oppdragstakar-og-personar-som-tek-mot-honorarar/>
- Skatteetaten. (2023a, 15. februar). *Maritimt arbeidsforhold*. Skatteetaten. <https://www.skatteetaten.no/nn/bedrift-og-organisasjon/arbeidsgiver/a-meldinga/rettleiinga-til-a-meldinga/arbeidsforholdet/type-arbeidsforhold/maritimt-arbeidsforhold/>
- Skatteetaten. (2023b, 15. februar). *Ordinært arbeidsforhold*. Skatteetaten. <https://www.skatteetaten.no/nn/bedrift-og-organisasjon/arbeidsgiver/a-meldinga/rettleiinga-til-a-meldinga/arbeidsforholdet/type-arbeidsforhold/ordinart-arbeidsforhold/>
- Skatteetaten. (u.å.). Om a-ordningen. Hentet 20. november 2024 fra: <https://www.skatteetaten.no/bedrift-og-organisasjon/arbeidsgiver/a-meldingen/om-a-ordningen/om-a-ordningen/>
- Skatteetaten. (u.å.). Oversikt over feilmeldinger. Hentet 22. november 2024 fra: <https://www.skatteetaten.no/bedrift-og-organisasjon/arbeidsgiver/a-meldingen/veiledning/feilmeldinger-magnetedag-og-tilbakemelding/oversikt-over-feilmeldinger-magnetedag/>
- Skatteetaten. (u.å.). Veiledning til a-meldingen. Hentet 15. november 2024 fra: <https://www.skatteetaten.no/bedrift-og-organisasjon/arbeidsgiver/a-meldingen/veiledning/>
- Statistikkloven. (2019). Lov om offisiell statistikk og Statistisk sentralbyrå (LOV-2019-06-21-32). Lovdata. <https://lovdata.no/dokument/LTI/lov/2019-06-21-32>

Statistisk sentralbyrå. (2017, 16. november). Retningslinjer for europeisk statistikk.

<https://www.ssb.no/omssb/kvalitet-i-offisiell-statistikk/retningslinjer-for-europeisk-statistikk>

Statistisk sentralbyrå. (2024a). Tabell 12820: Utdanningsnivå-, kjønns-, og aldersfordeling for jobber, nyansettelser og avsluttede ansettelser [Statistikk]. <https://www.ssb.no/statbank/table/12820/>

Statistisk sentralbyrå. (2024b, 24. november). Antall arbeidsforhold og lønn.

<https://www.ssb.no/arbeid-og-lonn/sysselsetting/statistikk/antall-arbeidsforhold-og-lonn>

Statistisk sentralbyrå. (2024c, 27. november). Arbeidskraftundersøkelsen (AKU).

<https://www.ssb.no/arbeid-og-lonn/sysselsetting/statistikk/arbeidskraftundersokelsen>

Statistisk sentralbyrå. (2024d, 28. oktober). Datatilstander SSB (Notater 2024/44).

<https://www.ssb.no/teknologi-og-innovasjon/metoder-og-dokumentasjon/datatilstander-ssb>

## Vedlegg A: Vedleggstabellar til kapittel 2

**Tabell A.1 Andel arbeidsforhold etter sluttårsak (alle arbeidsforhold), januar 2021 – mai 2024. Prosent**

	År	Måned											
		Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug	Sep	Okt	Nov	Des
Arbeidsforholdet skulle aldri ha vore rapportert	2021	0,06	0,03	0,07	0,04	0,07	0,09	0,07	0,09	0,06	0,06	0,06	0,08
	2022	0,06	0,10	0,06	0,05	0,12	0,06	0,05	0,16	0,05	0,06	0,04	0,07
	2023	0,06	0,05	0,05	0,06	0,04	0,06	0,07	0,08	0,07	0,06	1,10	0,07
	2024	0,06	0,06	0,05	0,05	0,06							
Arbeidsgivar har sagt opp arbeidstakaren	2021	1,70	1,37	1,23	1,27	1,13	1,17	0,88	1,00	1,04	1,04	1,11	1,19
	2022	0,95	1,17	1,00	0,97	0,76	0,97	0,80	0,85	1,28	1,30	1,32	1,64
	2023	1,24	1,62	1,62	1,23	1,09	1,40	1,03	1,05	1,39	1,31	1,57	1,28
	2024	1,44	1,52	1,79	1,35	1,28							
Arbeidstakar har sjølv sagt opp	2021	17,14	16,35	16,67	16,93	19,07	19,44	20,56	18,08	16,96	14,98	15,24	14,16
	2022	17,48	16,86	16,96	18,16	18,88	19,46	21,10	19,24	17,40	14,66	15,40	14,69
	2023	15,85	15,17	15,94	17,27	17,92	18,59	19,45	18,18	16,58	13,09	13,69	12,56
	2024	15,56	15,75	16,19	15,93	18,20							
Byte av lønssystem eller rekneskapsfører	2021	0,73	1,33	2,34	6,57	2,38	1,09	0,37	1,88	0,93	2,01	0,78	17,45
	2022	1,90	2,55	3,26	4,38	3,22	0,80	0,42	3,37	2,28	5,74	0,69	18,69
	2023	3,69	3,42	3,01	4,00	1,27	0,96	0,32	1,49	4,16	4,13	0,88	12,09
	2024	0,95	2,14	1,32	4,06	1,65							
Endring i organisasjonsstruktur eller internt jobbyte	2021	10,73	13,83	11,82	12,05	11,75	11,16	10,48	10,15	11,90	13,22	11,50	12,75
	2022	11,15	12,61	10,75	10,64	11,77	10,08	10,12	10,06	12,06	11,79	11,60	13,72
	2023	12,12	14,86	12,86	11,39	11,77	10,97	10,70	11,35	11,55	11,17	12,73	15,29
	2024	11,60	12,57	12,32	11,43	11,30	10,82						
Kontrakt, engasjement eller vikariat er utgått	2021	51,77	51,87	51,91	48,84	51,88	53,35	55,99	56,31	56,03	53,79	56,87	44,31
	2022	53,97	53,16	53,26	52,67	51,79	54,91	56,45	54,54	53,75	53,16	56,51	40,92
	2023	52,68	51,01	52,60	52,56	54,72	54,68	57,15	56,09	52,68	55,78	56,31	47,62
	2024	55,78	53,71	54,70	53,30	53,80							
Utan verdi	2021	17,88	15,21	15,96	14,29	13,71	13,70	11,64	12,48	13,08	14,90	14,44	10,04
	2022	14,50	13,54	14,72	13,11	13,45	13,73	11,06	11,78	13,17	13,30	14,45	10,27
	2023	14,35	13,88	13,92	13,48	13,19	13,33	11,28	11,76	13,56	14,46	13,72	11,09
	2024	14,61	14,25	13,64	13,88	13,71							

Kilde: Statistisk sentralbyrå

**Tabell A.2** Antall arbeidsforhold etter sluttårsak (alle arbeidsforhold), januar 2021 – mai 2024

	År	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug	Sep	Okt	Nov	Des
Arbeidsforholdet skulle aldri ha vore rapportert	2021	85	45	99	65	112	149	131	153	92	102	96	201
